

Årsmelding 2023

Øygarden kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

INNHALD

Helsing frå fellesrådsleiar	3
Tall i kyrkja i Øygraden.....	4
Arbeidet i kyrkjelydane	8
Seksjon for barn og unge	9
Utdrag frå trusopplæringsstatistikken i alle sokn.....	12
Seksjon for diakoni	15
Seksjon for kyrkjemusikk	18
Seksjon for kyrkjer og gravplassar	24
Kyrkjebygg	25
Gravplassar.....	28
Kyrkjeverja sin administrasjon	30
HR.....	31
Kommunikasjon	34
Seksjon for økonomi og administrasjon.....	35
Fellesrådet sin økonomi.....	37
Styrande organ.....	38

FRAMSIDEFOTO:

To-åringar har vore på T2 påskevandring langs kyrkjevegen på Foldnes. Etterpå fekk dei kome inn i kyrkjekjellaren der dei fekk kakao og frukt.

Foto: T-dagen



Gisle Kårbø Rong
Fellesrådsleiar

Helsing frå fellesrådsleiar

Fellesrådet sin visjon «Nær Gud, nær menneske» er kyrkja i Øygarden sin overordna målsetjing for arbeidet. Våre verdiar «Takknemleg, tenande, frimodig»

gjev retning for kva som skal prege tenesta me, på ulik måte, har i kyrkja. Ved å la verdiane våre prege tenesta skal vår visjon verte verkeleg.

Kyrkja i Øygarden vert rekna med i menneske sine liv. I glede og i sorg, i barne- og ungdomsår, i vaksenlivet og i alderdommen. Kyrkja i Øygarden femner menneske som er tilsett, menneske som er friviljuge i arbeidet, menneske som går ofte i kyrkja og menneske som vitjar kyrkja på høgtidsdagar. Kyrkja i Øygarden er der for menneska kvar dag i veka.

Fellesrådet arbeider for at satsinga innan diakoni skal halde fram utan at satsinga dei andre områda (barn og unge, kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk og administrasjon) vert råka. Det er godt å erfare at tilsette og friviljuge i kyrkja er motiverte og dedikerte. I tida framover vil tilgang på kompetent arbeidskraft verte vanskelegare. Som fylgje av dette kan det verte naudsynt at me, i større grad enn tidlegare, legg til rette for vidareutdanning og anna kompetanseheving mellom dei tilsette.

Vår kyrkje skal vere der i alle deler av livet, for alle menneska som søker oss og på alle dagar i veka. Fellesrådet søker å, på best mogeleg måte, legge til rette for arbeidet. Frå Hjelme kyrkje i nord til Kausland kyrkje i sør søker me å skape så gode forhold me kan for at vår visjon «Nær Gud, nær menneske» vert verkeleg.

TALL I KYRKJA I ØYGRADEN



Antal medlemmer i DNK

28 595

71,9 % av befolkninga i Øygarden

59 færre enn i 2022

24 innmeldt

100 utmeldt





**Antal gudstenester
søn- og heilagdagur**

270

| 29 færre enn i 2022

**Antal deltakarar
på gudstenester**

36 584

| 1 090 fleire enn i 2022



Antal døypte
238

64,8 % av fødte
43 færre enn i 2022



Antal konfirmerte
368

63,9 % av alle 15-åringer
25 fleire enn i 2022



Antal vigde
51

1 færre enn i 2022

ARBEIDET I KYRKJELYDANE





Seksjon for barn og unge

Seksjonsarbeidet

I seksjon for barn og unge er det 15 medarbeidarar i små og store stillingar. Dei er "nær Gud, nær menneske" og jobbar alle aktivt med visjonen for kyrkja i Øygarden, ute i felten og er med å spreie Guds gode budskap ut til barn, ungdom og familiar i Øygarden.

Vi har også fleire gode og stabile ungdomsarbeidarar i ulike prosentstillingar, inkludert eit ungdomsteam i Hjelme og Blomvåg. Om ein arbeider i stor eller lita stilling, er pedagog eller ungdomsarbeidar, alle er like viktige, alle har same oppdrag, nemleg å sjå, ta imot og ta vare på barna, ungdommane og familiene deira som kjem til kyrkja vår. Vise nestekjærleik, slik Jesus gjorde.

Medarbeidarar meldte i 2022 at dei opplevde at det har vore ei endring sidan pandemien. Dette har nok fortsett litt i 2023 også. Det kan verke som det er litt vanskelegare enn tidlegare å få med barn, ungdom og familiar med på ulike aktivitetar. Det er også utfordrande å få med ungdommar vidare etter konfirmanttida. Statistikken viser at tala på deltaking totalt sett ligg litt under 2022, men ein del av forklaringa kan vere restaureringa av Fjell kyrkje. Går ein inn i statistikken og ser på dei ulike tiltaka, så ser ein at nokre tiltak er svært godt besøkt, medan andre tiltak slit med å få deltakarar. Sjølv om det er naturleg å tenkje at færre deltakartal kan forklarast pandemien skal vi vere forsiktige med å konkludere.

Det gode trusopplæringsarbeidet i seksjonen går godt på grunn av dyktige og erfarne medarbeidarar. Det nyaste tilskotet er vikarierende seksjonsleiar, Bodil Lee Espedahl. Ho overtok som seksjonsleiar i januar 2024, då Rannveig Vestbøstad Vik gjekk ut i permisjon. Bodil har fått mange gode innspel frå medarbeidarar som har interessante tankar om korleis trusopplæringa her i Øygarden kan drivast framover, og ein er allereie i gong. I Sund har ein starta med revidering av trusopplæringsplanen.

Medarbeidarar har gitt tilbakemeldingar om at det til tider er litt lite samsvar mellom ressursbruk og kor mange som kjem på dei ulike tiltaka. Det er derfor rom for å vurdere om det finst andre organiseringsmoglegheiter og kanskje tørre å prøve å byte ut nokre tiltak med noko nytt.

Nokre punkt som ein vil framheve frå 2023:

- Leirdeltakinga er framleis god
- Stabilt og godt tverrfagleg samarbeid med andre fagseksjonar.
- Barn og ungdommar har ein naturleg plass, og er ein integrert del av fellesskapen i kyrkja i Øygarden.
- Kyrkja i Øygarden har eit tett samarbeid med skular og barnehagar, og skal vere ein arena og ressurs for kompetanseheving og kulturformidling

9 gudstenester for barnehagebarn

4 fleire enn i 2022

25 gudstenester for skulebarn

1 meir enn i 2022



Skule-kyrkje-samarbeidet

Året 2023 var eit tilnærma normalt år med tanke på faste møtepunkt og samarbeid. Det var gledeleg at kommunen dette året bevilga ekstra, friske middel inn til skulane slik at dei kunne prioritere skyss til ekskursjonar som td. adventsgudstenester og kyrkjevitjingar. Vi vonar inderleg at dette vert topp prioritert i tida framover også.

For planlegging og gjennomføring av samarbeid og tiltak er det framleis Skule-kyrkje utval (SKU), som held i dette. SKU er utval med representantar både frå skulane og kyrkja sine tilsette. Det vart i 2023 skipa SKU utval i alle tre delane av fellesområdet. I tillegg har ein god kommunikasjon via telefon og epost.

Av **møtepunkt** med skulane er dette det vi har vi hatt på programmet:

- Adventsgudstenester for alle barneskulane, og tre av ungdomsskulane. Fjell kyrkje måtte dette året tenke meir kreativt pga restaureringa som pågår. Skular og barnehagar i Fjell sokn fekk besøk av

prest og pedagogar rundt høgtidene, men uttrykte at dei gler seg til at kyrkja opnar og at dei kan kome dit.

- Kyrkjevandringar for 3. klasse v Fjell/ Foldnes / Landro, og for 1., 2. og 6.klassar i Hjelme/Blomvåg.
- Vandring på gravplassen og arbeid med sorg for 2. klassane (Fjell, Foldnes, Landro)
- Tilbod om kurset Vandring gjennom Bibelen for 5. klassane. Fire skuletimar med oversikt over Bibelsoga. Dette tilbodet er også no gitt til søre delen av kommunen (Sund) og vi har fått utdanna fleire kurshaldarar.

Barnehagane i kommunen fekk også i 2023 gjennomføre sine møtepunkt med kyrkja. Her er det både påskevandringar, påsksamlingar, julevandringar og julegudstenester i og utanfor kyrkjene. Nokre av barnehagane fekk også besøk av tilsette ved høgtidene. Også året 2023 viser at både skular og barnehagar verdset og prioriterer tilboda om samarbeid med kyrkja. Saman er vi kulturberarar i våre nærmiljø i kommunen.



- I november var det leir for 3. klasse i Hjelme og Blomvåg sokn med rekordpåmelding! 50 barn fekk med seg to kjekke dagar på Skjergardsheimen.

Leiarkurstilbod

Som eit tilbod for fjorårskonfirmantar og andre som ynskjer det i Fjell, Foldnes og Landro, tilbyr vi LED – Leiartrening.

Vår/sommar 2023 var det fem av sju påmeldte som fullførte Leiartreningskurset. Noko som har vore ein tankevekkjar dette året er at det i kjølvatnet av pandemien har gått ned med antall deltakarar. Difor er vi glad for å kunne seie at vi hausten merka ein oppgang i påmeldte deltakarar. Hausten 2023 starta vi nytt LED-kurs med 10 påmeldte deltakarar.

I Hjelme og Blomvåg har tre jenter delteke på K2, som er opplegget for fjorårskonfirmantar. 5-7 ungdomar frå vidaregåande har delteke på 5 Ktopp-samlingar i løpet av året med bibelundervisning og fellesskap.

18

Antal deltakarar på leiarkurs for unge

Antal i 2022 var 75





Utdrag frå trusopplæringsstatistikken i alle sokn

176

Antal på babysong
4 fleire enn i 2022



47

**Familiegudsteneste
med 4-årsbok/T4
Kyrkjeboka mi**
19 færre enn i 2022





54

**1. klasseleirdag/
Ranselbøn/
T6 skulestart**


15 færre enn i 2022



136

**Familiegudsteneste
med utdeling av bibel/
T10 HalloTweens**

40 færre enn i 2022



743

**Total deltaking i
trusopplæringstiltak**

45 færre enn i 2022

103

Antal andakter på
institusjon eller aldersheim

3 fleire enn i 2022

544

Antal frivillige

54 fleire enn i 2022



VÅRMARKNAD

Den tradisjonelle Vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus samla mange menneske som kjøpte årer og åt god mat frå kaféen. Det vart samla inn pengar til nye gardiner og spel til kyrkjelydshuset.



Seksjon for diakoni

I 2023 vart det ein del røkkeringar når det gjeld tilsette innan diakoni. Sjukemeldinga til diakoniarbeidaren i Sund heile vårsemesteret gjorde at ein hadde ein vikar inne i delar av oppgåvene, og elles utfordra og delvis betalte friviljuge for å halde aktivitetane i gang. No er ny diakon på plass og arbeidet tar form og er godt og stabilt. I og med at det var diakonen i Landro som flytta til Sund, måtte vi få inn ein vikar i Landro. Det løyste seg godt og vi ser no fram til å tilsette ein diakon i 100% i Landro med særskilt merksemd på unge og med «God nok» som reiskap. Dette er mogeleg sidan Øygarden kommune løyvde midlar til ei 50 % diakonistilling knytt til Ågotnes.

Fokus innan diakonien i 2023 har vore fagleg styrking og samskaping både med kvarandre, andre organisasjonar og med tilsette i kommunen. Knytt opp til det siste punktet, er det arbeidet med sorggruppe for ungdom og foredrag på aktiv+ som har vore dei nye samskappingsaktivitetane, i tillegg til sorggruppe, «God nok» og arbeidet i Basecamp.

På Basecamp skjedde det mykje i 2023. Dagleg leiar gjennom mange år slutta, og vi tilsette ny i mai. Etter sommaren vart ho langtidssjukemeldt og går etter kvart inn i

morspermisjon. Vi fekk på plass ein god vikar som er eit funn for Basecamp. Arbeidet med å gjera om foreininga Basecamp til eit ideelt aksjeselskap har teke lengre tid enn planlagt. Etter positivt vedtak i kommunestyret i mars, ser det no ut til å la seg gjennomføra.

Vi ser og at offentlege tilsette innan helse og omsorg jamt tek kontakt på vegne av klientar for å få samtalepartnarar eller besøksvenner. Det er ei gledeleg utvikling. Dei tilsette i diakoniseksjonen gjennomførde i 2023 til saman 207 samtalar med einskildmenneske. Av dei var 152 heimebesøk.

Utfordringa innan diakoni er at vi har lite stillingsressursar til dette arbeidet i kvar kyrkjelyd. Difor vil vi dette året ha stort fokus på medarbeidarskap/frivilligheit i kyrkjelydane, på det å finna stadig nye medarbeidarar til arbeidet lokalt. Vi trur at dette vert avgjerande framover for at vi skal kunne halde fram det gode arbeidet.

Ei anna utfordring er at omsorg for menneske som er i sorg i liten grad er strukturert og påakta i kommunen vår. Av om lag 300 dødsfall per år kjem berre 5 pårørande til sorggruppe og tilbodet elles er ikkje stort. Dette vert eit satsingsområde framover både internt og i samtalar med kommunetilsette.



➤ Etter seks år utan eit ungdomsteam fekk Hjelme og Blomvåg igjen eit team på fire jenter. I samarbeid med Helgeland folkehøgskule i Mosjøen var dei tilknytta leiarlinja på skulen. Dei brukte mesteparten av tida si i praksis i Hjelme og Blomvåg sokn. Foto er frå Hjelme kyrkje der dei hadde forbønning for det nye teamet i september.

➤ Babysong vart starta opp i Sund og Kausland. Annakvar veke fekk føresette og barna møtast gjennom rytme, song og musikk.



➤ Kvart år inviterer fleire av kyrkjene dei frivillige til frivilligfest, her er frå festen i Foldnes kyrkje.



- I november kom den nye biskopen Ragnhild Jepsen på besøk til prostiet. Ho fekk ei presentasjon av arbeidet i Øygarden og Askøy. Etterpå inviterte ho til gudsteneste i Erdal kyrkje.

I juni hadde Sund sokn gudsteneste på Vetten, 285 moh. ➤



- Under Øygardssong sang mellom anna gospelkoret Lokal Vokal. Vik bedehusforeining, INRI-kyrkja og Den norske kyrkja i Hjelme og Blomvåg står saman om Øygardssong som blir arrangert kvart år.



Seksjon for kyrkjemusikk

Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet i sokna er knytt til:

- Gudstenester
- Gravferder
- Vigsler
- Institusjonsbesøk
- Konsertar
- Skule- og barnehagesamarbeid
- Trusopplæring.
- Samarbeid med ulike musikkaktørar

Det kyrkjemusikalske arbeidet er knytt til mange samarbeidspartnarar, både tilsette i kyrkja og frivillige.

Kantorane sitt arbeid er både av administrativ og av utøvande art.

Saker som har prega seksjonen i 2023:

- Økonomi
- Bemanning
- Kantorane sine tenester/aktivitetar

Kantorane

I seksjon for kyrkjemusikk er det 5 organistar, men i 2023 sa både kantor i Fjell og i Sund opp sine stillingar. Året vart prega av dette i den forstand at det har vore ein del vikarar inne ved både gudstenester og gravferder. Ved utgangen av 2023 vart det tilsett organist i både Sund og Fjell. Organisten i Sund vart tilsett f.o.m. januar, mens organisten i Fjell kjem først i august 2024.

Fagleg utvikling

Kyrkjemusikkseksjonen har seksjonsmøte éin gong i månaden. Her møttest vi for praktisk tilrettelegging av arbeidet og fagleg påfyll med diskusjonar og inspirasjon. I september deltok nokre av kantorane på fagdagar i Sogndal. Her er det sett av tid til fagleg påfyll, flotte konsertar og kollegafellesskap. Dette vart opplevd som gjevande og inspirerande for kantorane som deltok.

Konsertverksemd

Kyrkjene våre er populære konsertarenaer for ulike aktørar. I 2023 vart det arrangert 34 både interne og eksterne konsertar.

Øygaardssong

I samarbeid med ØKF, INRI-kyrkja og Vik bedehus vart det i september arrangert Øygaardssong i kulturhuset på Rong. Av lokale krefter som medverka var Gospel Teens, Gospelkoret Lokal vokal, Lyskastaren og husorkester.

Visjonar for framtida

Kyrkjemusikkseksjonen ønskjer for framtida å glede folk med gode musikalske opplevingar i godt samarbeid med dei tilsette og dei frivillige. Vi skal halde på viktige tradisjonar, samstundes som vi skal fornye oss i takt med tida.



GOSPEL-SØNDAG

I april var det fullsett kyrkje på gospel-søndag. Her er det band og solistar som står for musikken, med ulike innspill frå andre aktørar.

4

Antal kor for voksne/ familiekor

Same antal som i 2022



8

Antal kor for barn og unge

I 2022 hadde vi 9 kor



6 609

Deltakarar på konsertar og kulturarrangement

646 færre enn i 2022




JULAFTAN

Ungdomskoret Gospel teens laga
julestemning med song under
gudstenesta i Blomvåg kyrkje





- 12-åringar vart inviterte til å overnatte i Landro kyrkje på T12 LysVaken.



- Fjell sokn arrangerte ei annleis "Vi syng jula inn". Her var det salmesong i regnet, konfirmantar med faklar og Øygarden kyrkjebrass var med å spele musikk inni eit telt framfor kyrkja.

Under "Frivillighetsdager" på Sartor senter stilte kyrkja i Øygraden opp med stand. Her kunne ein vere med på konkurranse, få informasjon om det som skjer i kyrkjene og prate med frivillige i kyrkjene.



Det vart arrangert busstur frå Fjell kyrkje til Hardanger. 40 mennesker var med på dagsturen. Dei fekk besøke Spilde Gard, Middag på Hardangerfjord Hotel, Besøk på Ingebrigt Vik-museet og omvising i Øystese kyrkje.



Jenter i Landro
Tweenskor hjalp til under
haustakkefesten i Landro.



I oktober fekk
ein høyre dei
djupe stemmene
til Mannskoret
Laudamus frå
Hardanger under
ei gudsteneste i
Kausland kyrkje.

SEKSJON FOR KYRKJER OG GRAVPLASSAR





Kyrkjebygg

Øygarden kyrkjelege fellesråd har driftsansvar for totalt 8 kyrkjer: Kausland, Sund, Fjell, Foldnes Landro, Blomvåg, Hjelme og Hjelme gamle. Alle utanom Hjelme gamle kyrkje er i dagleg bruk.

Vedlikehald

Kyrkjene har ulik grad av vedlikehalds- og investeringsbehov. Midlane fellesrådet har til rådevelde er ikkje tilstrekkeleg til å utføre alt vedlikehald som er ønskjeleg. I det følgjande vert nokre av prosjekta som vart prioritert i 2023 presentert:

Røyrfornying

I Fjell kyrkje har vi fått fornya kloakkrøyra. Det har tidlegare vore eit gjentakande problem med tetting av røyra. Etter fornyinga har ikkje dette vore noko problem.

Varmestyring i kyrkjene

Vi fekk på plass ein avtale med Intcon for installering av varmestyring i Hjelme kyrkje, Landro kyrkje, Foldnes kyrkje, Sund kyrkje og Kausland kyrkje. Dette vert ferdig montert og klart for bruk i mars 2024.

Låssystem

Våren 23 fekk vi montert Salto sitt låssystem i kyrkjene. Dette har gjort det enklare å gje leigetakarar tilgang til kyrkjene. Det er også ein fordel for tilsette å berre ha eitt nøkkelsystem for alle kyrkjene.

Varmepumper

Dette har vi fått montert i Landro kyrkje, Kausland kyrkje, vestfløyen i Foldnes kyrkje, og den som sto i kyrkjelydssalen i Fjell kyrkje er bytta ut. Den var alt for liten for rommet. Vi ser at bruk av varmepumper medfører lågare energiforbruk.



Restaurering av Fjell kyrkje

Restaureringa av Fjell kyrkje vert leia av prosjektleiar i Øygarden kommune. Multiconsult AS er prosjekterande, medan Akasia AS er utførande, 1 august 2023 vart kyrkjerommet i Fjell kyrkje stengt for aktivitet. Akasia starta då opp arbeidet med restaurering av kyrkja. For å kunne drive kyrkjelydsarbeid i kyrkja, vart det lagt til rette for bruk av kyrkjelydssalen på ettermiddag/kveld og i helg. Dette var til glede for kyrkjelyden, og førte til at ein kunne vidareføre nokon av aktivitetane i kyrkja.

Det var eit stort og omfattande arbeid som vart sett i gang. Bærekonstruksjon, vindauga, tak og veggjar trengte ei utbedring. Ny varmekjelde måtte også på plass. Ein av dei store jobbane var å få restaurert blyglasvindauga. Desse måtte takast ut av kyrkja for å kunne restaurerast. Arbeidet med vindauga var meir omfattande enn det ein såg for seg

i utgangspunktet. Arbeidet måtte gjerast for at ikkje vindaugane skulle gå frå kvarandre. Det var også avdekka vesentleg meir råteskader i laft enn ein hadde teke høgde for i prosjektet. Dette meirarbeidet auka utgiftssida på prosjektet vesentleg, og har før til at noko av arbeidet som i utgangspunktet var planlagt er teke ut av prosjektet. Konkret gjeld dette tekking av kopartak og noko anna arbeid på klokketårnet, samt reparasjon av tak og måling av kyrkjelydssalen. Det vert heller ikkje sett inn varevindauge i vindauga i kyrkjeskipet, og dei små vindauga bakerst i kyrkja vert ikkje reparert.

Det har vore god dialog mellom Akasia, kommunen og kyrkja under denne restaureringsprosessen. Arbeidet held fram i 2024.

Kyrkja feirar 150 års-jubileum i 2024, og vi er glade for å få kyrkja klar til jubileumsfeiringa til hausten.



- For å kunne ta i bruk kyrkjelydssalen som kyrkjerom vart det innstallert ny rullestolrampe på sørsida av salen. Her ser vi Hein Kvalheim ta den i bruk.



➤ Inni kyrkja vart alt dekt med plast og andre materiale. Vindauga vart tatt bort og plata igjen.



Foto: Brynhild Enerhaug

Gravplassar

ØKF er gravplassmynde i Øygarden kommune. Øygarden har 16 kyrkjegardar som fellesrådet har ansvaret for. I tillegg til kyrkjegardane som er i bruk i dag, er det kolerakyrkjegard på Møvik, i Sund og i Bildøydalen. Kyrkjegarden i Bildøydalen er også brukt som gravplass for russiske krigsfangar som vart gravlagt under 2.verdenskrig.

Vedlikehald

På nokre gravplassar har vi prøvd å få til betre drenering for å få overvatn bort frå gravene.

Etter planen skulle Blomvåg gravplass fått asfalt på gangvegen i 2023. Dette vart ikkje gjennomført på grunn av kapasiteten til entreprenør.

Investering

Det vart kjøpt ny raider grasklippar.

Kapasitet

ØKF har informert Øygarden kommune om kapasiteten på dei forskjellige gravplassane i kommunen. Slik vi ser det no, er det behov for

utviding av Sund (2030), Blomvåg (2031) og Foldnes gravplass (2033).

Miljø

Kyrkja jobbar for å betra miljøet. Øygarden kyrkjelege fellesråd ynskjer å verte Miljøfyrtårnsertifisert. Dette arbeidet vart starta i 2022 og fortsett med i 2023.

For å få ned energiforbruket har vi fått støtte frå Øygarden kommune til installering av varmestyringsanlegg i kyrkjene.

Medarbeidarar

I 2023 fekk seksjonen fleire nye medarbeidarar.

Kathrine Solheim vart tilsett som kyrkjetenar/ kyrkjegardsarbeidar i Sund og Kausland, og Janne-Lin Fjell Andersen vart tilsett som kyrkjetenar i Fjell og Foldnes.

Mari Hatlelid Naustheller vart tilsett som helgekyrkjetenar i Sund kyrkje, og Bjarne Børnes Dåvøy vart tilsett som helgekyrkjetenar i Kausland kyrkje.

Gravferder og bisetjingar i 2023

HJELME OG BLOMVÅG SOKN

10 bisetjingar

9 i 2022

30 gravferder

40 i 2022

FOLDNES SOKN

47 bisetjingar

25 i 2022

36 gravferder

31 i 2022

ØYGARDEN KOMMUNE

Totalt 213

bisetjingar og gravferder

Totalt 221 i 2022

55% oppgang i bisetjingar

15% nedgang i 2022

23% nedgang i gravferder

30% oppgang i 2022

60,5% kistegraver

72 % i 2022

39,5% urnegraver

28% i 2022

LANDRO SOKN

6 bisetjingar

8 i 2022

23 gravferder

27 i 2022

FJELL SOKN

11 bisetjingar

12 i 2022

17 gravferder

38 i 2022

SUND SOKN

10 bisetjingar

11 i 2022

23 gravferder

31 i 2022

KYRKJEVERJA SIN ADMINISTRASJON



HR

Medarbeidarar

Det var pr. 31. desember 2023 52 tilsette medarbeidarar i Øygarden kyrkjelege fellesråd, 34 kvinner og 18 menn. Ein er merksame på den skeive kjønnsbalansen. Ved utlysing av stillingar er vi opptekne av at tekst og bilete framstiller ein arbeidsplass for både menn og kvinner.

Til saman var det 39,67 årsverk i organisasjonen ved utgangen av 2023. Av desse er 0,6 årsverk knytt til prosjektstillingar.

Helse, miljø, tryggleik

Målet for HMT-arbeidet er å "arbeide for å utvikle og sikre eit fysisk og psykososialt arbeidsmiljø som gir dei tilsette tryggleik og trivsel i kvardagen og at det vert gitt rom for utvikling, samarbeid og fellesskap." Dette har vi arbeida strategisk med heile året.

Forum for arbeidsmiljø


Forum for arbeidsmiljø er eit forum som er sett saman av verneomboda, seksjonsleiar for barn og unge, seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar, ein representant frå bedriftshelsetenesta, personalkonsulent og kyrkjeverja. Forumet drøfter arbeidsmiljø og tiltak på området.

Det vart i løpet av året gjennomført fire møte. Viktige saker for arbeidsmiljøet i 2023 har vore:

- Evaluering av organisasjonsstrukturen
- Restaurering av Fjell kyrkje
- Medarbeidarundersøkinga 2023
- Drøftingsmøte med tillitsvalde

I løpet av året vart det gjennomført sju drøftingsmøte med dei tillitsvalde. Viktige saker i 2023 var drøfting av ledige stillingar og utlysingar.





Arbeidsmiljøundersøkinga 2023

I slutten av september gjennomførte Den norske kyrkje «Medarbeidarundersøkinga 2023». Undersøkinga vart gjennomført for å kartleggje viktige forhold knytt til trivsel, engasjement og opplevde rammer for å gjere ein god jobb. Undersøkinga var lik som den som vart gjennomført i 2021. Undersøkinga hadde ein svarprosent på 86. Undersøkinga viser eit betre resultat i 2023 enn i 2021.

Oppfølging

Arbeidet med oppfølging av medarbeidarundersøkinga som hittil er sett i gang i samarbeid med dei tillitsvalde og dei tilsette. Planar for vidare oppfølging og tiltak vil skje i 2024.

Vidare plan for oppfølgingsarbeidet vil skje i sokneteama og seksjonar med fokusområde:

- Mål- og planarbeid
- Rolleklarheit
- Rammevilkår
- Konflikthandtering
- Krysspress

Evaluering av fellesrådsorganiseringa

I samband med samanslåinga Øygarden kyrkjelege fellesråd vart det bestemt at

fellesrådet skulle vere organisert som ein matriseorganisasjon. Ansvarslinjene går i to retningar; Vi er inndelte i fagseksjonar og sokneteama. Dei fleste tilsette er knytt til både eit sokneteama med ein sokneteama-leiar, og ein fagseksjon med ein seksjonsleiar. Personalansvaret ligg hos seksjonsleiar.

Fellesrådet ønska å evaluere organiseringa før utgangen av 2023. Det vart sendt ut ei spørjeundersøking i sommar. I resultatet av undersøkinga og drøftingar med staben kom det fram at vi fortset med same organisering med justeringar på enkelte område.

- Organiseringa i matrise med både fagseksjonar og sokneteama vert vidareført.
- Plassering av personal- og økonomiansvaret hos seksjonsleiarane vert vidareført.
- Personalansvaret innan seksjon for barn og unge vert delt. Leiar av ungdomsteama får personalansvar for ungdomsarbeidarane. Leiar av ungdomsteama rapporterer til leiar av seksjon for barn og unge.
- Ansvarsfordelinga mellom sokneteama-leiarane og seksjonsleiarane vert klårgjort.
- Sokneteama i Sund, Fjell, Foldnes og Landro vert framleis leia av sokneteama-leiarar frå fellesrådslinja.
- Sokneteamaet i Hjelme og Blomvåg sokn vert leia av sokneprest.

Nærvær/fråver

HMS-målsettinga for ØKF innhald blant anna:

- Maksimalt 7 % sjulefråver per år
- 0 % arbeidsrelatert sjukefråver
- < 2 % Kortidsfråver.


Sjukefråværsstatestikk for 2023 i ØKF:

	Øygarden KF	Næringa elles
Samla sjukefråver	6,9 %	4,9 %
Langtidsfråver	6 %	4,3 %
Kortidsfråver	1 %	0,6 %
Gradert sjukemelding	82,2 %	50,2 %

Kvartaloversikt:

	Øygarden KF	Næringa elles
1. kvartal 2023	8,5 %	5,4 %
2. kvartal 2023	10,3 %	4,9 %
3. kvartal 2023	5,2 %	4,1 %
4.ckvartal 2023	4 %	5,2 %

Det er nær oppfølging av dei sjukemelde, og sjukefråveret er i liten grad arbeidsrelatert. I samarbeid med bedriftshelsetenesta og forum for arbeidsmiljø vert det arbeidd med tiltak som kan auke jobbnærværet.



Kommunikasjon

I 2023 fekk vi nytt felles kyrkjeblad for alle dei fem kyrkljelydane i Øygarden. Etter utlyst namnekonkurranse fekk bladet namnet "Himmel&hav". Det kjem ut i staden for tidlegare Sund sokneblad, Kyrkjebladet og ØyNytt. Målet er at bladet skal vere relevant for lesarar i heile Øygarden. Her vert stoff om kva som skjer i kyrkjelydane presentert, og vi vil la lesarane møte spennande menneske frå heile kommunen. Vi har sett saman ein

redaksjon med ei frivillig frå kvart sokn og har fire redaksjonsmøte i året, eit møte for kvart nummer. Vi har gått over til Bring/Posten for å få bladet distribuert i heile kommunen.

Kvar kyrkjelyd har si eiga Facebook-side der vi annonserer gudstenester og andre aktivitetar. Det vert også publisert lenker til artklar frå fellesrådet si nettside og frå nettsida for kvar av kyrkjelydane.

Seksjon for økonomi og administrasjon

Seksjonen

Seksjon for økonomi og administrasjon har 6 tilsette fordelt på 4,9 årsverk. Seksjonen yter tenester internt til fellesrådet, sokneråd og sokneteam. Administrasjonen tek dagleg ansvar for ei rekke oppgåver. Oppgåvemengda er svært samansett, og for mange av oppgåvene er det kontinuerleg tidsfristar som skal rekkast.

Året 2023

Året 2023 var det fyrste året der Øygarden kommune ikkje lenger var leverandør av løn- og rekneskapstenester til fellesrådet. Aider Rjukan vart vald som leverandør av desse tenestene, både til fellesrådet og sokneråda. Overgangen til privat rekneskapsbyrå har medført fleire utfordringar i 2023, også ein del frustrasjon

hos dei tilsette i seksjonen. Mellom anna vart ikkje utfakturering av festeutgifter gjort før i romjula 2023, noko som førte til at mange er blitt fakturert med feil beløp. Dette må rettast opp i 2024 og det er gjort avsetjing i rekneskapen for å møte dette.

I mars 2023 slutta også seksjonsleiar Borghild Hustad Berge i stillinga og ny seksjonsleiar var ikkje på plass før i slutten av oktober. I denne perioden var seksjonen leia av kyrkjeverje. Kari Sandøy Rong hadde personalansvar for dei tilsette i seksjonen i denne perioden.

Ny seksjonsleiar, Tore Solvang, har mellom anna jobba mykje med ny ansvarsstruktur og budsjettoppsettet til fellesrådet. Kvar seksjonsleiar har no eitt ansvarsnummer slik at det vert enklare for seksjonsleiarane å følge opp eige budsjett.





Fellesrådet

Av oppgåver som vert utført av seksjon for administrasjon og økonomi kan mellom anna nemnast:

- Månadlege lønsutbetalingar.
- Utarbeiding av budsjett og rekneskapsrapportering saman med dei andre seksjonsleiarane.
- Fakturering av festeavgifter, utleige av lokale m.v.
- Månadleg bankavstemming.
- Administrere utleige av kyrkjer med nøkkeltilgangar m.v.
- Oppfølging kvar veke i medarbeidaren/ kalenderen, at det er folk til seremoniar og arrangement og at det ikkje er dobbeltbookinger.
- Ansvar for å administrere dåpspåmelding på nett til dåpskurs og lage til dåpsattestar til dåpsdagen.
- Ved gravferd/bisetjing og vigslar er seksjonen ansvarleg for å organisere ledige tidspunkt for kyrkjer og sørge for bemanning.
- Resepsjon på Temahuset som er open kvar dag frå 09.30 til 14.30.
- Overføring av kyrkjelege handlingar i e-kirkebok.
- Gravregistrering i gravsystemet Ecclesia.
- Administrering av gravstellavtalar.

Sokneråda

Seksjon for administrasjon og økonomi utfører mellom anna desse oppgåvene for dei fem sokneråda:

- Budsjett, rekneskapsrapportering og økonomisk rådgjeving.
- Månadlege bankavstemmingar.
- Førebuing av soknerådsmøter og utarbeiding av saksprotokoll i Public 360.
- Kvart år sende ut brev med invitasjon til gudsteneste for 50-års jubilarer (gjeld Hjelme og Blomvåg sokn).
- Sende inn statistikk i samarbeid med sokneprest.
- Møte på soknerådsmøta ved behov.

Sokneteama

Sokneteama består av prest for soknet, organist, kyrkjelydspedagog, diakon, og kyrkjegardsarbeider/kyrkjetenar. Seksjon for administrasjon har to medarbeidarar som møter fast i sokneteammøta, samt ein medarbeidar som er leiar for eit sokneteama (Sund sokneteama).

Leiarar for sokneteama står i nært samarbeid med sokneprest og er ansvarleg for at vedtak i sokneråd vert fylgt opp lokalt i soknet. Sokneteama har månadlege møter.



Fellesrådet sin økonomi

Årsrekneskap for Øygarden kyrkjelege fellesråd 2023


- Øygarden kyrkjelege fellesråd har i 2023 hatt samla driftsutgifter på kr 47 423 515
- Øygarden kyrkjelege fellesråd har i 2023 hatt samla driftsinntekter på kr 49 195 731
- Resultat for 2023 før finanstransaksjonar og fondsavsetjing overskot på kr 1 772 216
- Overskot etter finansieringstransaksjonar, fondsavsetjingar- og bruk kr 1 635 768

Hovudinntektskjelder i 2023

- Kommunal rammeløyving kr 32 290 000
- Tilskot frå bispedømerådet kr 4 987 311
- Festeavgifter kr 4 203 709
- Ulike refusjonar frå statlege institusjonar kr 112 475
- Gåver og innsamla midlar kr 68 259

Hovudutgifter i 2023

- Løn og sosiale utgifter kr 31 261 448
- Kjøp av varer og tenester kr 13 347 306



STYRANDE ORGAN

Fellesrådet er det øvste ansvarlege og styrande organ for ØKF. Rådet er sett saman av eitt medlem frå kvart av sokneråda, ein prerepresentant frå Øygarden kommune og ein representant oppnemnd av biskopen. Framgangsmåten for val av medlemmer til kyrkjeleg fellesråd gjer det vanskeleg å sikre kjønnsbalanse i rådet. For perioden 2019-2023 var det 1 kvinne (14,2%) og 6 menn (85,5 %) i rådet:

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Oppnemnt av
Dag-Olav Bjorøy	Leiar	Kjersti Langeland Angeltveit	Landro sokneråd
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar	Erling Vik	Hjelme og Blomvåg sokneråd
Arvid Nese	Medlem	Eigil Nødtvedt	Fjell sokneråd
Per Helge Refvik	Medlem	Harald Rød	Foldnes sokneråd
Jan Tveit	Medlem	Oddveig Margrethe Skoge	Sund sokneråd
Hege Misje	Medlem	Helge Nilssen	Øygarden kommune
Jan Tommy Fosse	Medlem	Bjarte Nese	Biskopen

Hausten 2023 var det kyrkjeval, og nytt fellesråd tredde i kraft 1. desember 2023. I det nye fellesrådet er det 4 kvinner og 3 menn.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Oppnemnt av
Gisle Kårbø Rong	Leiar	Erling Vik	Hjelme og Blomvåg sokneråd
Anne Grete Hareide	Nestleiar	Jan Tveit	Sund sokneråd
Arvid Nese	Medlem	Harald Fylling	Fjell sokneråd
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	Per-Helge Refvik	Foldnes sokneråd
Kirsten Kjølén	Medlem	Anne Kristine Christiansen	Landro sokneråd
Ingvill Kvalsnes Blom	Medlem	Helge Nilssen	Øygarden kommune
Jan Tommy Fosse	Medlem	Bjarte Nese	Biskopen

Sekretær for fellesrådet er kyrkjevevja. I 2023 hadde rådet 6 møte og handsama 53 saker.

Arbeidsutvalet er sett saman av leiar, nestleiar og eitt medlem av fellesrådet, og er eit er saksførebuande utval til fellesrådet. Arbeidsutvalet har i tillegg fullmakt til å treffe avgjerd i saker som er delegert. I perioden 2019-2023 var det berre menn i arbeidsutvalet.

Namn	Rolle
Dag-Olav Bjorøy	Leiar
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar
Per Helge Refvik	Medlem

Nytt arbeidsutval frå 1.12.2023 har er sett saman av to menn og ei kvinne.

Namn	Rolle
Gisle Kårbø Rong	Leiar
Anne Grete Hareide	Nestleiar
Arvid Nese	Medlem

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval med overordna ansvar for personalpolitiske saker. Utvalet er høyringsinstans for fellesrådet i saker av personalpolitisk karakter, og har delegert avgjerdsmynde i saker i medhald av reglement. Administrasjonsutvalet har mellom anna tilsettingsmynde i alle stillingar utanom leiarstillingar. I perioden 2019-2023 var det 3 menn (60%) og 2 kvinner (40%) i utvalet.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Utpeika av
Gisle Kårbø Rong	Leiar	Jan Tveit	Fellesrådet
Dag-Olav Bjorøy	Nestleiar	Hege Misje	Fellesrådet
Per-Helge Refvik	Medlem	Arvid Nese	Fellesrådet
Beate Sørhus	Medlem	Torstein Vassnes	Tillitsvald/tilsette
Kari Bekkenes	Medlem	Anne Ludvigsen Kaldestad	Tillitsvald/tilsette

Nytt administrasjonsutval frå 1. desember 2023 er sett saman av 3 kvinner og 2 menn.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Utpeika av
Anne Grete Hareide	Leiar	Torill Selsvold Nyborg	Fellesrådet
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar	Kirsten Kjølén	Fellesrådet
Arvid Nese	Medlem	Jan Tommy Fosse	Fellesrådet
Beate Sørhus	Medlem	Torstein Vassnes	Tillitsvald/tilsette
Kari Bekkenes	Medlem	Anne Ludvigsen Kaldestad	Tillitsvald/tilsette



NÆR GUD,
NÆR MENNESKE



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd